

Til stades i teams: Eirik Hoem, Tonje Helen Veret, Karin Sørli Street, Ine Jeanette Skjerven, Linda Marie Hagelin, Anne Grethe Sønsthagen, Anne Grete Lomheim, Janne Kjørlaus Grønbeck, Lars Olav Halleråker.

41-2023/24: Godkjenning av referat frå sist møte 2.5 2024

- Referat må framstå slik at det oppfattast meir nøyaktig.
- Forslag til nyansering i sak 34-23/24 under følgande punkt:
«Foreldre må gå fram som gode døme for eigne barn. Dette inneber mellom anna at ein framsnakkar skule, lærarar og andre born i samtalar med eller framfor eigne born.»
Her må FAU minne foreldre om forventningsavklaringar gjennom eige utarbeidd skriv (Her kjem eigen tekst).
- Referat lesast gjennom før heving av møte.

42-2023/24: Trafikktrygging . gangveg bilagstomta/busshaldeplassen og mot skuleområdet

Vedtak: Saken vert einstemmig utsett, etter ulike innspel.

- Innspel:
 - o Det vert stilt spørsmål til om vi bør korrigere informasjonen som er framstilt i Sogn avis. Ingen konklusjon
 - o Det vert stilt habilitetsspørsmål i den konkrete saken. Ingen konklusjon.
 - o Vidare diskusjon før utsetjing gjeld framdrift i saken. Her kan innspel frå planutvalget være relevant.

40-2023/24 Oppfølging av sak 62/2022/23 Organisering av FAU, møter, saklister og referat.

- Saken er teke opp at med bakgrunn i diskusjon om rektors tilstedeværelse i FAU møtene.
- I følgje vedtektene er det rom for at rektor er til stades på møtene for å informere.
- Saken har fleire sider, med ulike synspunkt. Det vert føreslege ulike løysingar til måten vi organiserer FAU på no:
 - o Ein fast post med informasjon frå rektor om det ikkje er aktuelt at rektor er deltakande i heile møtet.
 - o Rektor vert invitert inn i aktuelle saker.
 - o Rektor har kontortid og kan hentast inn.

Vedtak: Vedtaket frå 16.11 testast ut i ein periode før vi FAU landar endeleg i denne saken.

43-2023/24 Status – årsmøtet i juni (foreldrekontakter etc.)

- Dei fleste justeringar på representantar er gjort, agenda i møtet blir som føreslege i vedlagt dokument frå Eirik.
- Tidspunkt for møte: 13 juni. Aktuelle representantar vert invitert,

Ymse: Skjermbruk i lunsjen.

- Dette er noko FAU har tatt opp før. Med bakgrunn i fleire innspel bør FAU etterspørje dette som ein skulesak, og ikkje la det ligge til trinnet.

Vedtak: Saken, med eit fokus på skjermbruk og skjermbevisstheit settast opp som eige punkt i neste møte.

- Dugnaden 14.5 gjennomført som planlagd, ca. 30 deltakarar.
- Kommentar til dugnaden er at kommunen bør vurdere tidspunkt for utskifting av bark.

Referent: Lars Olav Halleråker